



Jane og Frank klar med kubben dei skal brenna i morgon for å markera dei 25 åra

Det var meininga at danskane Jane (58) og Frank Pedersen(62) skulle ha gifta seg ved Djupehølen men slik vart det ikkje. Dei gifta seg på Stord. Men når dei imorgon kveld markerar at dei har vore gift i eksakt 25 år, skjer det på Rabben der dei no har feriert i 30 år. Stort sett har dei budd i hytte 6.

Sølvbrylluppet har to delar: Først et paret skaldyr på Systrene Nilsen og deretter brenn dei ein trekubbe dei har hatt med frå heimlandet. Om desse desiderte Rabben-veteranane kjem att neste sommar, kan dei ikkje lova no.

Fiske-entusiasten Frank er ikkje glad for dei endringar i fiskereglane som

har funne stad frå denne sesongen og som han meiner er ein strek i rekninga både økonomisk og praktisk. Det har han gjeve uttrykk for i våre spaltar tidlegare.

Men ellers er han framleis glad for å feriera i Uskedalen.

- Det er ikkje nokon betre stad, seier han der han slikkar sol på Rabben. No er han pensjonist frå jobb som bruleggjar og ho er førtidspensjonert som omsorgsarbeidar. Dei bur i Fredericia som ligg der brua går over Lillebelt til Fyn.

I 1982 fekk to av venene deira mykje fisk i Uskedalen der dei hamna reint tilfeldig. Året etter sette alle kursen hit og sidan har Jane og Frank aldri svikta. Når det gjeld bryllupsdagen 8. august 1988 kunne den ha vore enda meir minnerik hvis sorenskrivaren hadde vore litt sprekare. Han ville ikkje dra frå Stord. Men festen etterpå fann sjølv sagt stad her i bygda-

Godt fiske har gjort ekteparet hekta her i området og den største laksen har Frank faktisk fått her i år. Den var på 7,4 kilo. Men sett under eit har han fått dei største fangstane i Matre og lakserekorden har hatt sett i Etne med ein rugg på vel 10 kilo. Men han har likt seg best i vår elv på grunn av rimeleg sesongkort og fordi han kunne fiska når han ville. Det kan han ikkje lenger, påpeikar han.

Så dette kan bli det siste ferieåret i Uskedalen for det trivelege paret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen